

3 JUN 2014

Opplæringsavdelinga
v/ Marianne Haaland
Agnes Mowinkels gate 5
Pb 7900
5020 Bergen

Vår ref: (nyttast ved korrespondanse)

Dykkar ref:2014/12056-3

Fitjar, 30.mai 2014

Søknad om midlar til lokale tiltak 2014-2015; auka gjennomføring i vidaregåande opplæring

Viser til brev datert 29. april, der de inviterer skulane til å søkje om midlar for å auka gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Fitjar vidaregåande har hatt god erfaring med mellom anna Ny GIV –gruppe dette skuleåret, og ynskjer å halda fram med eit liknande tilbod neste skuleår.

Målgruppe, omfang/organisering

Skulen ynskjer, etter drøfting i leiargruppa og i ressursteam, å organisere to ulike tiltak for å auka gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

1. Studieverkstad

For kven:

Svakt presterande elevar frå grunnskulen.

Elevar som skårar lågt på kartleggingsprøvar.

Elevar som gjer omval.

Elevar som gjennom startsamtale med kontaktlærar viser at ekstra oppfølging/tilrettelegging kan føre til at ein lukkast betre.

Innhald:

Vidareføring av Ny GIV-metodikk, kurs i læringsstrategi/ studieteknikk.

Fagleg støtte i aktuelle fag

Intensivopplæring før evt. eksamen

2. Fråværsteam

Auka ressurs til helsesøster / sosialpedagogisk rådgjevar / kontaktlærar der ein ser at eleven treng

tettare oppfølging på oppmøte enn normalt. Tilbod om hyppigare samtale med

helsesøster/sosialpedagogisk rådgjevar om det kan føre til mindre fråvær.

Ringekontakt eller andre tiltak som kan gjere at elev møter på skulen.

Tettare oppfølging/ tilpassa opplegg med meir utplassering i bedrift, finna gode opplærings situasjonar som og er knytta opp mot praksis/ læretid seinare.

Kostnader/ramme

Studieverkstad, 100 undervisningstimar, der ein vil nytte mest i oppstart/ hausttermin og før eksamen april/mai.

Fråværsteam, stipulert 10 elevar med tettare oppfølging, vil utgjere om lag 50 timar.

Med helsing

FITJAR VIDAREGÅANDE SKULE



Dan Torbjørnsen
ass.rektor